

A man with glasses, wearing a blue beanie and a dark blue quilted jacket, is seated and playing a violin. He is looking upwards and to the right. The background is dark. The violin is a light brown color. The bow is held in his right hand, and the violin is held in his left hand. The text 'TJORHÆL'N' is written in white capital letters in the bottom left corner.

TJORHÆL'N

**LEIF INGE
SCHJØLBERG**

TJORHÆL'N

TJORHÆL ER EIN PÆL SOM HESTANE BLIR BUNDE I MED TAU, MEN DET ER OG EIT FELESTILLE DER EIN STEMME G-STRENGEN NED TIL F. STRENGEN BLIR DÅ SLAKKARE, OG BLIR KANSKJE SOM EIT TAU SOM ER BUNDE I EIN TJORHÆL.

Denne utgjevinga inneheld solo felespel med Leif Inge Schjølberg, fødd 1966. Eg bur i Vågå i Gudbrandsdalen. Tidlegare har eg gjeve ut soloplatene «Storsagje» (1991) og «Fele-ljom» (2001), og eg har spelt fele med Visdals kvintett på utgjevingane «Fante-Nils» (1991), «Slåttndonan» (1996) og «Ved Gjende» (1998).

Å spela fele har alltid vore ein stor del av livet mitt. Far Ivar (f. 1940) spelar fele, og begge bestefedrane mine spelte fele. Farfar Leif Schjølberg (1918–1993) frå Holtålen i Sør-Trøndelag spelte eg ein del med i ungdommen. Morfar Jakob Krossøy (1885–1976) spelte litt fele, mest salmar og songmelodiar. I dei seinare åra har eg hatt stor glede av samspel med dei to sønene mine, Eirik (1994) og Anders (1992).

Eg starta på felekurs som 8-åring hos Hans H. Holen. Vidare vart eg med i juniorspelmannslaget og seinare spelmannslaget. Etterkvart fekk eg stor interesse av å lære meg lite brukt repertoar i Vågå.

I Vågå var det mange spelmenn som var fødte mellom 1910 og 1925. Desse var i 60–80-åra på 1980- og 90-talet. Dei spelte godt og var viljuge til å lære bort. Eg var veldig ivrig på å lære og gjera flest moglege opptak. Eg likte å høyre historiene, ulike former på slåttane og å finne den forma eg tykte var best. Bogeføring, takt og rytme var viktig. Etterkvart oppdaga eg den særprega tonalitet som mange av desse (som var oppvaksen utan radio) hadde.

For meg er det takt, rytme, variasjonane og tonaliteten som gjer folkemusikken spesiell og ulik andre sjangrar – i tillegg til melodiane. Dei fleste spelmenn har sitt personlege uttrykk i musikken. Denne er truleg prega av lære-

meistrar og personlegdomen til den som spelar. Slik er det nok au med meg. Eg prøver å bruke alle elementa for å fargelegge og gjeva musikken eit uttrykk. Mange eg har lært av, har vore veldig gode og har utvikla spelet. Eg har prøvd å ta med meg det beste og i tillegg forme det på min måte. Av den grunn er melodiane ikkje nødvendigvis nøyaktig slikt læremeisterane spelte.

I Vågå er det mest springleikar, altså tretakt. Alle spelmennene eg har møtt, har ulike uttrykk og ulik stil, men springleikrytmen er gjennomgåande ganske lik. Slik eg har oppfatta han, er det mest typiske ganske kort einar, lang toar og at ein «landar» på trearen. Eg har og opplevd at ein del av dei eldre, både spelmenn og andre, trampa alle tre slaga i motsetning til berre første og siste slaget som er mest vanleg i dag. Dei eldre trampa ganske rask einar med toaren rett etterpå og trearen etter ein lengre toar: 1-2—3.

Eg har lært flest «leikje» av Jakob Skogum (1923–2013). Eg kjente Jakob i over 20 år, og hadde stor glede av å høyre at han spelte og fortalde. Han var god til å spela, og hadde ofte former som var godt utvikla. Jakob hadde fått meg seg detaljane og la sitt eige preg på musikken. Jakob hadde vore laftar, bygningsarbeidar og gardbrukar. Han hadde, som mange andre av spelmennene på Lalm, gjort fela si sjølv. I lag med broren Pål var dei barnestjerner frå 6–7 års alderen, og Jakob hadde eit langt virke bak seg som spelman.

Eg har brukt mykje tid på å spela og lære, alltid fordi det har vore interessant og moro.

1. SPRINGLEIK ETTER PETTER EIDE

Petter Eide (1911–1994) var svært villig til å lære bort musikken han kunne. Han var yngst av fire brør som alle spelte fele. Petter knuste fela med vilje på sengkanten som 17-åring, og heldt oppe med spelinga i mange år. Han overraska sambygdingane med å stille på kappleik etter at han hadde passert 40 år. Petter bygde feler og spelte au mykje hardingfele.

2. FØRSTE LEIKEN IVA BRÅTÅ LÆRTE AV FEL-JAKUP, VALS

Lært av Jakob Skogum som spelte denne valsen ofte. Eg har justert forma etter å ha høyrte opptak med Per Brenden (1886–1963).

3. SKÅLHALLING

Lært av Øyvind Skogum (f. 1936). Jakob og Øyvind er to av dei sju Skogums-brørne som spelte fele.

4. TYPISK JAKOB, SPRINGLEIK

Denne leiken har eg lært av Jakob og synes utforminga er typisk for han, difor namnet «Typisk Jakob».

5. SPRINGLEIK ETTER HANS TEIGPLASSEN

Eg lærte denne leiken første gong av Ola Opheim (1920–2003), men har justert forma etter å høyrte opptak med Per Brenden.

6. OLA-VALSEN

Lært av Ola Opheim.

7. MALISA-KNUT, SPRINGLEIK

Lært av Jakob.

8. STEINBUKKEN, MARSJ

Lært av Jakob.

9. PIERCING-HALLINGEN

Av Leif Inge Schjølberg

10. JØRGEN STEINE, SPRINGLEIK

Lært av Jørgen Steen (1913–2011). Jørgen gjekk i lære hos Ola Nystuen og hadde fleire leikje etter han.

11. SPRINGLEIK ETTER PER BRENDEN

12. SPRINGLEIK LÆRT AV JAKOB SKOGUM

13. NESGARDEN, VALS

Nesgarden lærte eg først av Hans H. Holen (1930–2011) som 10-åring. Her spelar eg ei form der dei to første veka er lært av Karl Nyhus frå Heidal, (Stor-Karl 1930–2007), og det tredje veket av Jakob.

14. GAMLE HERINGSTAD-HALLINGEN

Eg streva i mange år for å få lært denne av Jakob, truleg fordi han ikkje held han for noko, men lykkast til slutt. Då hadde Jakob passert 90 år.

15. SPRINGLEIK ETTER PER BRENDEN

16. SPRINGLEIK I ANDRE POSISJON ETTER OLA BRÅTÅ

Lært av Petter Eide og Jakob Skogum.

17. POLKETT ETTER IVA BRÅTÅ

Lært etter opptak med Per Brenden.

18. VALS ETTER PER BRENDEN

Lært etter opptak med Per Brenden.

19. SPRINGLEIK ETTER PÅL KOLSTAD

Lært av Jakob.

20. SPRINGLEIK ETTER GAMMEL-HOLIN

Lært av Jakob. Gammel-Holin var forpaktarspelmannen Aslak Holen (1749–1838) frå Vågå.

21. TJORHÆL'N, SPRINGLEIK

Gammel-Holsspringleik på tjorhælstille lært av Jakob.

22. FANT KARL-VALS PÅ TJORHÆLSTILLE

Lært av Jakob.

23. SISTE SPRINGLEIKEN

Dette er ein av dei siste springleikane eg lærte av Jakob.

24. ØYVIND SKOGUM, SPRINGLEIK

Lært av Øyvind Skogum.

25. VALS PÅ TJORHÆLSTILLE

Lært av Jakob.



FOTO: UKJENT

Jakob



TJORHÆLN

THE "TJOR-HEEL"

THE "TJOR-HEEL" IS A POLE TO WHICH THE HORSES WERE TIED WITH A ROPE. BUT IT ALSO A NAME OF A TUNING OF THE FIDDLE, WHERE YOU TUNE THE G-STRING DOWN TO AN F. THE STRING THUS BECOMES LOOSER, AND MAY BE COMPARED TO A ROPE FASTENED TO A POLE, THE "TJOR-HEEL".

This edition contains solo fiddling by Leif Inge Schjølborg, born 1966.

I live in Vågå in Gudbrandsdalen. Previously I have edited two productions of solo music: "Storsagje" (1991) and "Fele-ljom" (2001), and I have played the fiddle together with "Visdals kvintett" on the editions "Fante-Nils" (1991), "Slåttndonan" (1996) and "Ved Gjende" (1998).

Playing the fiddle has always been a great part of my life. My father Ivar (b.1940) plays the fiddle, and so did both my grandfathers. In my youth I played off and on with my grandfather on my father's side, Leif Schjølborg (1918–1993). My grandfather on my mother's side, Jakob Krossøy (1885–1976), played a bit on his fiddle, mostly psalms and songs. In later years I have played a lot with my two sons, Eirik (1994) and Anders (1992).

Hans H. Holen started fiddle playing with a group of youngsters. Eight years old I joined this class. Later on I became a member of the Junior fiddlers, and even further on of the group of grown-ups, "Vågå spelemannslag".

By and by I took an interest in learning tunes seldomly used in Vågå at that time. Many of the old fiddlers in Vågå were born between 1910 and 1925. These person were in the ages of 60 up to the 80ies around 1990 and 1990.

They played well and were willingly teaching others.

I was keen on learning and recording as much as possible. I enjoyed listening to their stories, the different forms of the tunes, and to find the form that I considered the best.

Handling the bow, beat, and rhythm – all this was important. Little by little I discovered the unique tonality that many of these persons owned. (They had grown up without radio listening)

To me it is beat, rhythm, the variations, and the tonality that make the folk music unique and unlike other types of music, in addition to the melodies themselves.

Most of the fiddlers have their own personal expression of the music. This expression is probably marked by their mentors and the personality of the person playing. This is obviously also the case with me. I try to use all the elements mentioned to "colour" and give the music a personal touch.

Many of those I have learned from, have been clever performers, with a highly developed way of playing. I have tried to convey the best from my mentors, and in addition give it a personal touch. For that reason the melodies need not be exactly the way my teachers played.

The folk music in Vågå consists mainly of "springleikar", that is where each beat is divided into three. All the fiddlers I have met, have had different ways of per-

forming. But the rhythm of the "springleik" has mainly been quite the same. The way I have understood the beat is like this: the most typical being a quite short number one, the second long and then landing on the third. I have experienced that some of the older, both players and others, stamped all the three parts, in contradiction to only stamping the first and the third part, which is mostly used nowadays. The older persons stamped a quick number one, with number two swiftly afterwards, and number three after a longer number two: 1-2—3.

I have learnt most of my melodies from Jakob Skogum(1923–2013). I knew Jakob for more than 20 years, and greatly enjoyed listening to his playing and his good stories. He was an eminent player and had elaborated forms. Jakob had perceived the details and put his own mark on the music. Jakob had been a carpenter and farmer. Like many of the other fiddle players from Lalm, he had made his fiddle himself. Together with his brother Pål they were "stars" at the age of six and seven. Jakob could look back at a long life as a fiddle player.

I have used a lot of time on playing and learning, always because it is interesting and gives me pleasure.

I am grateful for the use of the Vågå Church for the recording. And a lot of thanks to all who have supported and helped me!



INNSPELT I VÅGÅ KYRKJE 17/12-2015 OG 28/3-2016.

OPPTAK: NIELS J. RØINE

MIKS/MASTER: FRIDTJOF A. LINDEMANN – STRYPE AUDIO

ENGELSK OVERSETTING: FRØYDIS OG IVAR SCHJØLBERG

FOTO: NIELS J. RØINE

GRAFIKER: EVA KARLSSON

TILSKOT: VÅGÅ SPEL-OG DANSARLAG, VÅGÅ KOMMUNE

TAKK TIL OLA GRØSLAND, VÅGÅ KYRKJE, FRØYDIS OG IVAR SCHJØLBERG

1. SPRINGLEIK ETTER PETTER EIDE 2:36
2. FØRSTE LEIKEN IVA BRÅTÅ LÆRTE AV FEL-JAKUP, VALS 2:12
3. SKÅLHALLING 2:18
4. TYPISK JAKOB, SPRINGLEIK 3:28
5. SPRINGLEIK ETTER HANS TEIGPLASSEN 1:47
6. OLA-VALSEN 1:56
7. MALISA-KNUT, SPRINGLEIK 2:09
8. STEINBUKKEN, MARSJ 2:14
9. PIERCING-HALLINGEN 2:30
10. JØRGEN STEINE, SPRINGLEIK 1:43
11. SPRINGLEIK ETTER PER BRENDEN 2:29
12. SPRINGLEIK LÆRT AV JAKOB SKOGUM 2:37
13. NESGARDEN, VALS 1:52
14. GAMLE HERINGSTAD-HALLINGEN 2:30
15. SPRINGLEIK ETTER PER BRENDEN 2:13
16. SPRINGLEIK I ANDRE POSISJON ETTER OLA BRÅTÅ 2:35
17. POLKETT ETTER IVA BRÅTÅ 1:56
18. VALS ETTER PER BRENDEN 1:52
19. SPRINGLEIK ETTER PÅL KOLSTAD 2:30
20. SPRINGLEIK ETTER GAMMEL-HOLIN 2:06
21. TJORHÆL'N, SPRINGLEIK 1:44
22. FANT KARL-VALS PÅ TJORHÆLSTILLE 2:14
23. SISTE SPRINGLEIKEN 1:39
24. ØYVIND SKOGUM, SPRINGLEIK 2:27
25. VALS PÅ TJORHÆLSTILLE 1:46